



«MottakerNavn»

«Adresse»

«Postnr» «Poststed»

«UtlandsAdresse»

Saksbehandlar	Tlf. direkte innval	Vår ref.	Dykkar ref.	Dato
Natalie Martins Sæberg	990 83 943	2024/4309-11	«REF»	01.07.2026

Tilbakemelding på førespurnad og melding - Kommunal veg Sunddal/Mauranger

Visar til e-post sendt 19.05.2026 med spørsmål om arbeid og kameraovervaking ved Bondhusvegen i Sunddal, Mauranger.

Kommunen har gjennomgått spørsmåla tverrfagleg og svarer samla i det følgjande.

Graveløyve

Det vert stilt spørsmål til om det er søkt graveløyve for *alle tiltak innanfor planområdet til parkeringsselskapet og på kommunal grunn*. Etter søk i arkiv finn vi at det er søkt graveløyve i sak 2022/310 og sak 2025/8908. Her kan du sjå alle dokument i saka via kommunen si innsynsløysing via heimesida. Om det er spørsmål knytt til konkrete tiltak, så kan dette spesifiserast for meir konkret tilbakemelding / innsyn.

Avgift

Kommunen stadfestar at skiltgjenkjenningkamera er del av løysinga for betaling av parkeringsavgift i området, og at denne løysinga har vore aktiv sidan 05.05.2026. Det har vore dialog med Grunneigarlaget, som er ansvarleg for drift av området, og Kvinnherad kommune som avtalepart.

Kommunen har avtale med Grunneigarlaget om drift av parkering og tilhøyrande fasilitetar for besøkjande til området. Den kommunale vegen inngår i denne avtalen, og kommunen vurderer difor plasseringa på kommunal veggrunn som lovleg.

For dei kameratiltaka som er omtala i førespurnaden, er installering av skiltgjenkjenningkamera og tilhøyrande informasjonsskilt ikkje vurdert som eit søknadspliktig tiltak, då dette er naturleg tilhøyrande parkeringsføremålet og reguleringsplanen. Løyve til å ta avgift for parkering ligg føre etter vedtak i kommunestyret, sist den 22.05.2025.

Kamera brukt til skiltgjenkjenning:

Behandling av personopplysningar vert utført av Youpark, som er behandlingsansvarleg for systemet. Det er krav til at data vert handsama i tråd med GDPR.

Kamera på toalettbygg:

Dette er eit oversiktskamera som gjer direkte visning utan opptak eller lagring. Det vert ikkje teke vare på video eller lagra opplysningar knytt til dette kameraet. Kommunen vurderer dette som del av drifta av området, når det er retta mot parkering med tilhøyrande vegparti.

Spørsmål knytt til tilkomstveg

Det går fram av førespurnaden at det vert teke til orde for at parkeringsselskapet bør ha eiga tilkomstløyising, slik at vegen ikkje legg avgrensingar på nærliggande eigedomar, bruksrettar, lokale folk og bedrifter.

Etter reguleringsføresegnene er veg f_V11 felles for eigedomane 60/1, 21 og f_P6. Kommunen har vidare lagt vekt på ei heilskapleg parkeringssløyising for området. Fleire tilkomstvegar er ikkje del av reguleringsplanen som nyleg er vedteke. Ordninga med parkeringsselskapet er at grunneigarar vert ivareteke ved å melde frå til selskapet slik at ein ikkje vert kravd for bruk av parkeringsområdet.

Avslutningsvis

Kommunen vurderer etter dette at dei omtalte kamera- og parkeringstiltaka er handterte innanfor den etablerte driftsordninga for området, og at kameraløysingane ikkje er vurderte som søknadspliktige tiltak.

Dersom de har ytterlegare merknader til korleis parkeringsordninga fungerer i praksis, kan dette takast opp i vidare dialog med kommunen og Grunneigarlaget om drift av området.

Med helsing
KVINNHERAD KOMMUNE

Natalie Martins Sæberg
Juridisk rådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har difor inga underskrift.